



SUND KOMMUNE

Rådmannen

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Sakshands.: OSH
Direktetlf.: 56327554

Vår ref.: 2001003389-30
Arkiv: N-339

Dykkar ref.:

Dato: 25.09.2006

NOU 2006:7 DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING?--UTTALE

Sund eldreråd har på oppmoding frå fylkeseldrerådet i Hordaland, drøfta deler av utgreiinga, og særleg punktet som omhandlar brukarinnverknad i lokaldemokratiet. Sund eldreråd vil på denne bakgrunn gje følgjande **uttale**:

Sund eldreråd stiller seg heilt uforståande til grunngjevinga for å gjera slutt på lovfesta eldreråd. Vi har aldri opplevd eller høyrte om at eldreråda vert nytta som argument for ikkje å nominera eldre ved lokalvala.

At eldre lett blir underrepresenterte, skuldast heilt andre tilhøve og haldningar enn at eldreråda finst og at dei er lovfesta.

Det vil vera langt meir konstruktivt, om målet er å få fleire eldre engasjerte i samfunnsspørsmål, å gje eldreråda best mogeleg arbeidstilhøve og ikkje minst opplæring.


Eldre treng nokon som spesifikt talar deira sak.

Vi minner også om at dersom det vert opptil den einkilde kommunen å ha eller ikkje ha eldreråd, så går nettverket vi no har, kontakten med andre eldreråd og dei årlege samlingane i regi av fylkeseldrerådet, tapt eller vert sterkt redusert. Dette nettverket er med på å gje oss innsikt og kunnskap så vel som inspirasjon til vidare arbeid.

Vi konkluderer med at framlegget frå lokaldemokratikommisjonen sitt fleirtal er lite gjennomtenkt og dårleg grunngjeve. Sund eldreråd vil difor tilrå at eldreråda framleis vert oppretthaldne som lovfesta organ.

Vi vonar uttalen vert teken med i det vidare arbeid med utgreiinga.

Med helsing
Sund eldreråd


Oddlaug S Harsen
sekretær

Kopi: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Kommunestyret i Sund v/ordføraren

Adresse:
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Tlf.: 56 32 75 00
Fax.: 56 32 75 01

Org.nr.:
964 338 809

Giro:
3470.09.50850

Giro skatt:
78550512458